

## ***Organisering av domstolane i Sogn og Fjordane***

*Sorenskrivar Terje Mowatt har den 14. desember 2015 orientert advokatane i Sogndal om planane for modernisering og digitalisering av domstolane i fylket. På grunnlag av denne orienteringa støttar advokatane i Sogndal arbeidet for å slå saman domstolane til ein fylkesdomstol med hovudkontor i Førde og påskunda arbeidet for digitalisering av domstolen si drift og verksemd.*

*Advokatane i Sogndal støttar dette arbeidet først og fremst for å sikra det rettssøkjande publikum tenester av høg kvalitet frå domstolen og ei effektiv saksavvikling. Vidare vil advokatane delta i arbeidet for å få innverknad på prosessen og dei løysingane som blir valde. Endeleg ynskjer advokatane å påskunda den teknologiske utviklinga i domstolane.*

*For advokatane i Sogndal er det eit ufråvikeleg krav at rettsstaden i Sogndal blir oppretthalden med rettssal og bemanna kontor. Det er vidare eit krav at arbeidsplassane på kontoret i Sogndal blir sikra for framtida. Endeleg er det eit krav at den samanslegne domstolen blir tilført ressursar til digitalisering av domstolen si saksbehandling.*

*Advokatane har ei forventning om at ein felles fylkesdomstol i framtida vil vise ei positiv utvikling både for publikum, partar, advokatar og tilsette.*

Desse har sagt seg samde i uttalen pr. 21.12.2015:

Jan Arild Rømmen, Louis Anda, Arvid Mellingen, Johannes Hauge, Halvor Thurn-Basberg, Rune Tysse, Silje Flugheim Heggestad, Anette Stegeggerdet Norberg, Anne Stine Hovland og Jan Tollefsen